

# Nord-Fron kommune

## Politisk sak

### Forskrift om ferdselsforbod mot sykling på landbruksveg i Frydalen, frå Fløtardammen i Sør-Fron til Per Gynt seterveg i Nord-Fron, Nord-Fron og Sør-Fron kommunar, Oppland

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	004/18	31.01.2018

Saksbehandlar	Journalpost
Geir Johan Groven	18/573

#### Vedlegg:

1. Vedtak med uttalar vedr. etablering av landbruksveg, Frydalen landskapsvernområde. Rondane-Dovre Nasjonalparkstyre, 30.9.2016
2. Samtykkeerklæringar frå grunneigarane
3. Kart over tiltaksområde
4. Regional plan for Rondane og Sølnekletten
5. Registrering av villreinen sin områdebruk innan GråhøTjønnseterfjellet i Nord-Fron og Sør-Fron og i Veslefjellet/Kuva i Dovre. Årsrapport 2016

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik

#### Innstilling:

I medhald av § 2 i lov av 28.6.1957 om friluftslivet, samt i tråd med reglane i § 37 i forvaltningslova, vedtek utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker å leggje følgjande forslag til forskrift om ferdselsforbod mot sykling på landbruksveg i Frydalen ut til offentleg ettersyn:

### Forskrift om ferdselsforbod mot sykling på landbruksveg i Frydalen, frå Fløtardammen i Sør-Fron til Per Gynt seterveg i Nord-Fron, Nord-Fron og Sør-Fron kommunar, Oppland

#### § 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å avgrense konflikten som sykling kan medføre i møte med villreinstamma i Rondane sør.

#### § 2. Regulering av ferdsel

På og langsmed landbruksvegen frå Fløtardammen i Sør-Fron til Per Gynt seterveg i Nord-Fron er all bruk av sykkel forbode.

#### § 3. Geografisk avgrensing

Ferdselsforbodat i § 2 omfattar gnr./bnr. 271/1, 275/1, 278/1, 278/3, 278/8, 279/1, 279/11, 283/1, 284/5, 285/1, 285/2, 286/1 i Nord-Fron og 28/1 i Sør-Fron.

#### § 4. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft frå det tidspunkt den er kunnngjort i Norsk Lovtidend.

### Utval for landbruks-, utmarks- og miljøraker 31.01.2018:

#### Behandling i møte:

Skogbrukssjefen orienterte om saka.

#### LUM- 004/18 Vedtak:

Samrøystes som innstillinga.

#### Bakgrunn for saka:

Landbruksnæringa i Nord-Fron og Sør-Fron har i mange år hatt ønskje om å få etablert eit vegsamband mellom kommunane på austsida, gjennom etablering av ein landbruksveg i Frydalen, frå Fløtardammen i Sør-Fron til snuplassen ved eksisterande landbruksveg i Koltjønnlia i Nord-Fron.

Det er spesielt i samband med beitedrift at dette ønsket har kome tydeleg fram. Føremålet med den nye vegen er å lette tilsyn og sanking av beitedyr, samt auke aktiviteten i skogbruket. Landbruksnæringa vil samla sett ha stor fordel av ein slik landbruksveg. Alternativ transportrute langs veg i dag er fram i bygda, og så køyre dalen mellom Hundorp og Sødorp, for så å køyre innover setervegen igjen. Dette er ei strekning på om lag 50 km. Ved realisering av ny veg vil dette naturleg nok gi ein betydeleg rasjonaliseringsgevinst for landbruksnæringa.

Østkjølen grunneigarlag, Sødorp grunneigarlag, Sødorp sameige, Sødorp og Kvam hesteavlslag og private grunneigarar søkte Rondane-Dovre nasjonalparkstyre om løyve til bygging av landbruksveg i brev datert 7.3.2016, jf. vedlegg 1.

Vegstrekninga ligg delvis innanfor Frydalen landskapsvernområde, og i si heilheit innanfor nasjonalt villreinområde, sone 1. Regional plan for Rondane og Sølnekletten er sentral.

#### Regional plan for Rondane og Sølnekletten

*s. 15: Virkning av regional plan jf. PBL § 8-2: Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen (PBL § 8-2). Dersom retningslinjer for arealbruk i den regionale planen fravikes i kommunale planer gir dette grunnlag for innsigelse fra berørte myndigheter.*

*s. 28: Nasjonalt villreinområde, sone 1: Innenfor nasjonalt villreinområde er områder der en ikke tillater ny fritidsbebyggelse, ny utbygging eller gjør tyngre tekniske inngrep. Retningslinjene gir muligheter til å drive moderne landbruk og utmarksnæring.*

#### Villreinnemnda for Rondane og Sølnekletten og Villreinusvalet for Rondane Nord

Villreinnemndas oppgåver består blant anna av å delta i arealforvaltninga i fylker og kommunar med sikte på bevaring og berekraftig forvaltning av villreinens leveområde. Ein kan seie at villreinnemnda både er villreinens myndigheitsutøvar og villreinens talerøyr. Alle kommunar skal oversende plan- og arealspørsmål som kan

røre ved villreinen og deira leveområde til villreinnemnda som høyringsinstans i slike saker.

I tillegg til villreinnemnder har alle villreinområda eit *villreinutval*. Villreinutvalet er ein samanslutning av rettighetshavarar og lokale, ofte kommunevise utval eller grunneigarlag. Villreinutvalet foreslår forvaltning og tildeling til villreinnemnda som har myndigheit til å fatte vedtak.

### **Rondane-Dovre nasjonalparkstyre – vedtak 30.9.2016**

Rondane-Dovre nasjonalparkstyre er forvaltningsmyndigheit i Frydalen landskapsvernområde. Før behandling av søknaden om bygging av landbruksveg innhenta nasjonalparkstyre uttale frå Villreinnemnda for Rondane, Villreinutvalet for Rondane Nord, Fylkesmannen i Oppland og Oppland Fylkeskommune, jf. vedlegg 1.

#### Uttale frå Villreinnemnda for Rondane og Sølnekletten:

*Den ferdsele selve landbruksdriften medfører vurderes å være akseptabel i forhold til villreinens bruk av området, gitt at vegen stenges med bom. Vegen vil imidlertid fungere som gjennomfartsvei også for syklistar, og det er stor sannsynlighet for at veien vil øke ferdsele i området vesentlig. Dette vil kunne ha negative konsekvenser for trekkmulighetene mellom Vulufjellet og Tjønnseterfjellet, og forringe det nasjonale villreinområdet. Villreinnemnda frarår derfor at veien anlegges.*

#### Uttale frå Villreinutvalet for Rondane Nord:

*Villreinutvalget for Rondane Nord mener en gjennomgangsvei i Frydalen fra Nord-Fron til Sør-Fron vil være svært uheldig for villreinens muligheter til å benytte Tjønnseterfjellet som beiteområde. Den forslatte traseen ligger innenfor Nasjonalt Villreinområde der retningslinjene sier: «Ny utbygging eller andre tekniske inngrep som kan forringe nasjonalt villreinområde, skal unngås». Villreinutvalget mener en gjennomgangsvei i området ikke bør tillates.*

#### Uttale frå Fylkesmannen i Oppland:

*Hvis Peer Gynt og Østkjølen seterveger skal sammenbindes må en slik veg ikke åpnes for allmenn trafikk men kun være åpen for landbruksnæringen. Vegåpningen, og tilhørende vedlikehold, bør følge tillat åpningsperiode for vegene i landskapsvernområdet (1. juni – 1. desember).*

*Nasjonalparkstyret og kommunene bør i tillegg sørge for at bruken av vegen ikke kommer i konflikt med villreintrekket mellom Vulufjellet og Tjønnseterfjellet, framfor alt om høsten. Dette kan forslagsvis gjøres gjennom å begrense tillatt kjøretid til spesielle klokkeslett i samråd med landbruks- og villreininteressene, og gjennom informasjon og stenging av brua over Fløtardammen for syklistar.*

#### Uttale frå Oppland Fylkeskommune:

Viser til at Fylkeskommunen har tatt initiativ til planlegging av ein samanhengande sykkeltrase i randområdet til Rondane og Dovre nasjonalparkar frå Hjerkin i nord til Lillehammer i sør. Vidare blir det vist til at Gråhø/Tjønnseterfjellet er definert som nasjonalt villreinområde, og dermed i eit område kor ferdsele skal avgrensast jf. stenging av vegen med bom og landbruksrelatert bruk. Meiner og det kan vere aktuelt å flytte Trolløypa til omsøkt vegstrekning.

Nasjonalparkstyre behandla etter dette landbruksvegsøknaden i møte 30.9.2016, og gjorde vedtak som omfattar vegtrase innanfor landskapsvernområdet. Verneformålet

i Frydalen landskapsvernområde omfattar «*vakkert natur- og kulturlandskap, samt leveområder til villreinen i Rondane*». Nasjonalparkstyre har ansvar for å sikre at verneverdiane blir ivaretatt og dette kan dei blant anna gjere ved å sette vilkår i vedtak.

Forvaltningsmyndigheita kan normalt gå langt i å sette vilkår som avgrensar skadeverknadene av ein eventuell dispensasjon. Dersom eit vilkår er eigna til å motverke ein mogleg skadeverknad av eit vedtak, vil det normalt alltid finnast tilstrekkeleg sakleg grunnlag. Rondane-Dovre nasjonalparkstyre har gjeve dispensasjon til å utbetre (gruse opp) vegtrase frå Østkjølvegen og inn på brua ved Fløtardammen i Frydalen landskapsvernområde (vegstreking på 50-60 m).

I denne saka har forvaltningsmyndigheita valt å gi dispensasjon til etablering av ein landbruksveg, mot at vilkåra som er sett i saka blir imøtekome. Dette vil seie at dersom kommunane Sør-Fron og Nord-Fron gjev løyve til å etablere ny landbruksveg mellom Fløtardammen og Per Gynt seterveg, har nasjonalparkstyre sett vilkår om at det skal etablerast eit regelverk for heile den nye vegstrekinga for å sikre verneverdiane i Frydalen landskapsvernområde.

Regelverket skal etablerast *før* ein startar arbeida med opprusting av vegen innanfor landskapsvernområdet, og reglementet skal vere gjeldande for heile vegen. Dersom regelverket ikkje etablerast fell løyve frå nasjonalparkstyre bort.

*Følgjande vilkår gjeld for løyve frå nasjonalparkstyre:*

- *Før arbeidet med veien settes i gang skal det etableres et regelverk for bruken av veien som tar hensyn til både tilsyn av beitedyr og villreins mulighet for trekk over Frydalen. Regelverket skal legge føringer for tidspunkt for motorisert ferdsel og eventuell styring av annen type ferdsel som eksempelvis sykling. Regelverket skal legges inn i saken og fungere som vilkår for bruken av veien. Nasjonalparkstyret ber i den sammenhengen Nord-Fron og Sør-Fron kommuner om å ta initiativ til å utarbeide et slikt reglement i samarbeid med involverte parter. Dette reglementet skal godkjennes av nasjonalparkstyret før arbeidet med veien starter.*
- *Total veibredde skal være maksimalt 4 meter og kjørebanelen skal være maksimalt 3,5 meter bred innenfor verneområdet.*
- *Veien skal tilpasses terrenget på en god måte slik at den ikke blir dominerende.*
- *På brua over Fløtardammen skal det etableres en solid bom med lås. Bommen skal være utformet på en slik måte at ATV eller motorsykel/moped ikke kan komme gjennom/forbi. Det må også sikres at gående fortsatt skal kunne gå over broen. Det forutsettes også at det blir etablert en bom i motsatt ende av den nye veien.*
- *Veien skal være stengt for all motorisert trafikk i perioden 1. desember – 1. juni, jf. åpnings- og stengetider på resten av veisystemet i Frydalen landskapsvernområde.*
- *Statens naturoppsyn Rondane v/ Finn Bjormyr skal ha beskjed om når tiltaket innenfor verneområdet iverksettes og skal ha mulighet til å være til stedet når tiltaket påbegynnes.*

#### **Rådmannsleinga si vurdering:**

Administrasjonen i Nord-Fron og Sør-Fron kommunar har dei seinare åra, både før

og etter vedtaket frå nasjonalparkstyre, halde fleire drøftingsmøte med villreininteressene og andre interesser i saka.

Rådmannsleiinga viser til at planlagt landbruksveg ligg innanfor nasjonalt villreinområde, kor det i utgangspunktet ikkje er tillate med tyngre, tekniske inngrep. Gråhø/Tjønnseterfjellet er eit viktig beiteområde for villreinen, og området blir nytta i hovudsak av bukk i perioden frå tidleg vår til byrjinga av september. Villreinen sin områdebruk innan Gråhø/Tjønnseterfjellet er sidan 2007 dokumentert gjennom eige registreringsprosjekt, jf. vedlegg 5.

Ansvar for å ta omsyn til villreinen er udiskutabelt. På den andre sida vil etablering av eit vegsamband i dette området vere svært nyttig for landbruksnæringa i Nord-Fron og Sør-Fron, spesielt i samband med tilsyn og sanking av beitedyr, samt auka aktivitet i skogbruket. Landbruksnæringa vil samla sett ha stor nytte av ein slik landbruksveg.

Nettopp det faktum at etablering av ein landbruksveg vil medføre ein betydeleg landbruksrelatert gevinst i form av lettare tilgang til beiteområda for slepp av beitedyr, tilsyn av beitedyr, skogsdrift osv. gjer at villreininteressene likevel etter ei samla vurdering kan akseptere etablering av ein landbruksveg, under føresetnad av at vegen blir stengt for all anna transport enn landbruksrelatert transport og at det blir ferdselsforbod mot sykling.

Administrasjonen i Nord-Fron og Sør-Fron kommunar har avklart med Fylkesmannen i Oppland at det er mogleg å etablere ferdselsforbod mot sykling, men dette krev fastsetting av lokal forskrift jf. friluftlova § 2. Før arbeidet med utarbeiding av forskrift kan starte opp, må det ligge til grunn *samtykkeerklæring* frå alle involverte grunneigarar. Samtykkeerklæringar er innhenta, jf. vedlegg 2.

Rådmannsleiinga er godt nøgd med at dei ulike interessene har klart å einast om ei kompromissløyising. Kompromissløyisinga inneber at villreininteressene aksepterer etablering av landbruksveg under føresetnad av at vegen er stengt for anna transport enn landbruksrelatert transport, samt at det blir ferdselsforbod mot sykling. Rådmannsleiinga støttar kompromissløyisinga, som ein meiner imøtekjem både landbruksnæringsinteressene og villreininteressene på ein god måte.

Det er i utgangspunktet ikkje tillate med tyngre, tekniske inngrep innanfor nasjonalt villreinområde, og rådmannsleiinga meiner at villreininteressene har vore konstruktive og strekt seg langt for å imøtekome behovet for ein landbruksveg. Dersom ein ikkje imøtekjem villreininteressene på ein tilstrekkeleg måte, er det ikkje andre alternativ enn å skrinlegge planane om bygging av landbruksveg.

Når det gjeld sykling er det interesse for sykling generelt og i terreng spesielt, og sykkelmiljøet har vist interesse for nettopp denne vegstrekninga. Nokre ser med interesse på sykling mellom Kvamsfjellet og Venabygdsfjellet, og her ville ei slik vegløyising vore interessant. Omsynet til villreinen talar likevel imot å opne for sykling her. Oppland Fylkeskommune sine planar om ein samanhengande sykkeltrase frå Hjerkinna til Lillehammer er førebels skrinlagt, men vegstrekninga vil likevel kunne bidra til realisering av ein sykkeltrase på eit seinare tidspunkt.

Det ligg føre samtykkeerklæringar frå dei aktuelle grunneigarane i forhold til ferdselsavgrensing mot sykling på landbruksvegen. Ferdelsavgrensinga omfattar

sykkelforbod heile året med omsyn til villreinstamma i Rondane sør.

Rådmannsleiinga viser til vedtak fatta av Rondane-Dovre nasjonalparkstyre i møte 30.9.2016, jf. oppmoding til Nord-Fron og Sør-Fron kommunar om etablering av eit regelverk for bruken av landbruksvegen som tek omsyn til både tilsyn av beitedyr og villreinens moglegheit for trekk over Frydalen. Villreininteressene har i fleire møte presisert at ferdselsforbodet skal gjelde sykling, ikkje anna aktivitet som eksempelvis riding.

#### **Vurdering av søknaden etter prinsippa i naturmangfaldlovas §§ 8-12 jf. § 7:**

Det går fram av naturmangfaldlova § 8 at kravet til kunnskapsgrunnlaget skal vera oppfylt før myndigheitene fattar vedtak i saka. Planlagt landbruksveg ligg i si heilheit innanfor nasjonalt villreinområde og delvis innanfor Frydalen landskapsvernområde. Kommunane har god kunnskap om tiltaksområde gjennom blant anna verneplanprosessen med tilhøyrande naturfaglege registreringar og fagrapportar, systematisk overvaking av villreinstamma i område gjennom mange år, generell kunnskap om sårbarheit for forstyrningar i område, samt registreringar av artar i Naturbase og på Artskart. Ein meiner det ikkje er behov for å ta i bruk føre-var-prinsippet, jf. nml. § 9.

Kommunane må vurdere om den samla belastninga på området kan bli for stor sett i forhold til nml. § 10. Villreintrekket mellom Vulufjellet og Tjønseterfjellet startar tidleg om våren og trekket returnerer ved brunsttid i september. Kommunane vurderer det slik at landbruksrelatert transport på vegen i seg sjølv er så avgrensa at den isolert sett ikkje vil ha vesentlege negative effektar for villreinens arealbruk. Dersom vegen i tillegg skulle vore opna for anna transport og sykling vil den samla belastninga kunne påverke villreinenes arealbruk negativt, framfor alt om hausten.

Ein vurderer det slik at eit ferdselsforbod mot anna transport enn landbruksrelatert transport, samt ferdselsforbod mot sykling, imøtekjem dei miljømessige utfordringane til tiltaket, jf. nml. §§ 11. (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*) og 12. (*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*).

Det er utarbeidd likelydande saker som skal til politisk behandling i Nord-Fron og Sør-Fron kommunar. Etter 1. gongs behandling i hhv. LUM/formannskapet skal saka sendast på høyring. Administrasjonen vil etter dette samanfatte høyringsuttalane, og legge saka fram for 2. gongs behandling i hhv. LUM/formannskapet, før *kommunestyra vedtek endeleg forskrift*. Fylkesmannen skal stadfeste kommunale vedtak. Reglementet skal godkjennast av nasjonalparkstyre før arbeidet med vegen startar opp, jf. vedlegg 1.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron  
Arne Sandbu